



Sunnfjord kommune

Handtering av forsøpling i Sunnfjord kommune

Digital forureiningsveke Vestland 24. sept 2024

Truls Hansen Folkestad, klima- og miljørådgivar

Ramme for arbeidet vårt

2 200 km² – 22 000 innbygg.

Førde by – regionsenter


4 tettstader

Stor landbrukskommune

E39 og Rv5

Forureiningsmynde: Eining for landbruk og miljø – om lag 2 årsverk (3 personar pluss leiar)

Vertskommune for Sunnfjord Miljøverk IKS



Mange ulike oppdrag som gjeld forureining

Separate avløp

Kommunale avløp

Oljeutskillere

Overflateavrenning by – diffus og punkt

Jordbruket – punktutslipp, overflate og **forsøpling**

Bålplassar

Tilfeldig «lagring» og deponering

Massehandtering, planering, nydyrking

Bilvrak ol.

Tilfeldig forsøpling

Graving og tiltak som kan påverke vassdrag

Framande artar?

Grunnbasen – grunnforureining

Vassmiljø

Fråsegn til utsleppsløyver frå staten

Innspel til reguleringsplanar og kommuneplan

Samarbeid med SUM

Strandrydding

Brukbar oversikt

Tips og innspel frå innbyggjarar, besøkande, barnehagar, media

God kjennskap til kommunen

Søker samarbeid mellom landbruk, plan- og byggesak, bygg og eigedom, teknisk drift, brann

Intern prioriteringsliste der alle saker blir registrert

Prioriterer saker ut i frå alvorgrad, om det hastar, press utanfrå mm.

Prøver å gi alle eit førebels svar, med mindre det er anonyme tips

Gebyrforskrift

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2020-09-24-1953?q=sunnfjord%20kommune>

Kap. 6. Gebyr for kontrolltiltak etter forureiningslova

§ 6-1. Verkeområde

Kapitlet gjeld gebyr for kontrolltiltak som kommunen gjennomfører for å sikre at [forureiningslova § 7](#), [§ 28](#), [§ 35](#) og [§ 37](#) eller vedtak i medhald av desse paragrafane blir følgd.

§ 6-2. Eingongsgebyr

Tiltakshavar skal betale eit eingongsgebyr for kommunen sine kostnader med kontroll og saksbehandling. Gebyret reknast ut etter medgått tid og timesats fastsett i kommunen sitt gebyrregulativ.

Opplyser om dette tidleg i kontakten med grunneigar, forureinar ol.

Gebyrinntektene inngår i finansieringa av stillingane på miljø.

















Framgangsmåte forsøpling

Undersøkje kva fakta vi har, kva type forsøpling, kven er grunneigar, har vi saker frå tidlegare, er eigaren/forureinaren kjend, har vi nok til å prioritere saka.

Synfaring dersom vi treng å dokumentere og få betre innsikt i forholdet

- Skriftleg varsel om synfaring til grunneigar og ev. forureinar dersom denne er kjend
- Uvarsla synfaring frå offentleg veg, for å få betre oversikt iht. førebuing av sak
- Uvarsla eller kort varsel dersom fare for «bevisforspillelse», alvorleg fare for forureining, eller det hastar på anna vis

Dersom forureinaren ikkje er kjend, sende brev til grunneigar der vi ber om opplysningar, forklarar vår rolle, kva vi har registrert og kva reglar som gjeld. Frist for tilbakemelding.

Viktig å dokumentere kva vi har gjort, viktig med skriftleg kontakt. Dårleg erfaring med munnleg kontakt.

Stor variasjon i tilbakemelding på breva. Ta ein telefon til grunneigar, der vi viser til brevet.

Framgangsmåte forsøpling vidare

Prøver å få til opprydding og fjerning utan pålegg. Avhengig av vilje hjå grunneigar/ansvarleg.

Ber om ein plan for opprydding.

Informerer om gebyr og mogleg pålegg, tvangsmulkt som kan inntreffe.

Synfaring og dialog.

Notere kva som blir sagt på telefon, synfaring mm.

Framgangsmåte – pålegg

Dersom forureinaren / eigar av avfallet er kjend, sende brev med varsel om pålegg om opprydding, vår vurdering av forholdet iht. regelverket, informasjon om kva mottakaren bør gjere for å unngå eit pålegg. Kopi til grunneigar.

Brev til grunneigar dersom forureinaren er ukjend.

Tøffare linje overfor grunneigar/forureinar i saker som hastar og er opplagte.

Vise til § 28, forbod mot forsøpling, informere om plikt etter § 7 og mogleg pålegg etter § 37.

Bilvrak ol.

Eigaren er kjend – sende varsel om pålegg om opprydding og fjerning etter § 37.

Ukjend eigar, sende varsel om pålegg til grunneigar, fjerning etter § 37, brot på § 28 (oppbevaring).

Samarbeid med teknisk drift (vegmynde) og bygg og eigedom (grunneigar).

Ingen saker er like.

Viktig med gode rutiner, trygghet i høve til regelverket og kva vi kan gjere som mynde.

Nokre saker har endt i fjerning av vrak for eigar si rekning, eventuelt fjerning av vrak der vrakpanten dekker hentinga. Men litt «gyngande grunn» i høve til heimlar og prosedyre.

Vidare arbeid

Nye og oppdaterte interne rutinar

- For prioritering av saker
- Bilvrak
- Akutte utslepp
- Massehandtering
- Saksbehandling

Grunnbasen, oppdatere med nye lokalitetar

Vurdere målretta innsats mot nokre typar forureining, td. deponi, lagringsplassar